



Lønningdalkaia syng no på siste verset – slik såg ho ut morgonen etter storstormen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei kai i Uskedalen som gøymer mykje samferdsle-historie syng no på siste verset: Lønningdal-kaia fekk stygg medfart under den siste storstormen. Mange eldre uskedelingar har minner om både kaia og båtane som la til der.

I jubileumbøkene til HSD kan ein lesa om fleire selskap som vart skarpe konkurrentar til det store selskapet. Motorbåtane byrja å gjera seg gjeldande for ålvor då første verdskrigen var slutt og arbeidskonfliktar gav dei enda meir foffeste og konkurranseevne andsynes dei regulære dampskipsrutene.

Motorbåtane var heller ikkje bundne av det ansvar som låg på HSD når det galdt å sjå heile rutedistriktet under eitt. Dessutan kunne dei konkurrerande båtane operera med lågare løner og ikkje minst lågare frakter. Dei synte også vegen til nye stoppestader og var meir fleksible og folkelege enn rutebåtane. Mange av båtane var bygde ved småverft i distriktet og hørde liksom heime i lokaldistrikta.

Det var i 1927 M/K Lønningdal byrja regulær fart mellom Bergen og Odda. Tomas Boge frå Strandvik sette i gang ruta og den gav god fortene. Men to år seinare da eigaren av båten, Engel Lønningdal, opp leigemålet og sette sjølv i gong fart på Odda med den nybygde Lønningdal I. Boge måtte sjå seg om etter ny båt og det vart Haugland I.

Konkurransen tilspissa seg. Som ein utveg til å koma motorbåtane og da framfor alt Lønningdal I til livs drøfta HSD å nytta ein av selskapet sine båtar til open konkurranse med endå lågare frakter. Ein båt som kunne gå i kjølvatnet på denne båten var noko som kunne verka, vart det sagt. Då det spurdest at Boge arbeidde for å skipa eit nytt reiarlag for konkurransefart med Lønningdal I, tok HSD i løynd kontakt med Boge og baud seg til å skyta inn kapital i båten hans.

„Lønningdals Motorbåtruter“ Uskedal den 10/5- 1932

	8/5	O & Sept	4,50
Herr	29/4	J.R. Skala	61,03
"	"	q Fausk	352,29
		K.E. Skala	46,03
Etterkrav kr.	Torkel N.		66,42

Vert ekspedera i Bergen hjå:
Einar Samuelsen. Telefon 1375 - 1394
 Kontor og ekspedisjon: Tyskebruggja.

Med dette følger i god stand frå
 pr. **M.s. „Lønningdal II“** og på vilkår som fastsett av Ruteskibenes Rederiforening 19/6-1917

Mrk.

1171,17	38,25
986,79	28,67
184,38	66,42
61,03	


Eit minne frå 1932 – ei rekning frå Lønningdal som Terje Myklebust har i arkivet sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ein konfidensiell avtale mellom Boge og HSD gjekk ut på sams drift og kjøp av Haugland I. Boge vart tilsett som tenestemann i HSD, men offisielt var han "sjørøvarskippar" på line med andre motorbåteigarar då Haugland I kom i fart i 1929. Båten gjekk hakk i hæl på Lønningdal I og baud halv motorbåtfrakt – eller gratis frakt om det kneip. Denne replikken frå Øystese-kaia ein gong då Haugland I låg der seier alt om situasjonen: - Du får reisa gratis med "lausongjen" dersom du vil bli brukt som fender!

Det gjekk naturlegvis ikkje i lengda å halda den hemmelege avtale hemmeleg og Haugland I vart aldri omtala som noko anna enn "lausongen te HSD". Men den greidde ikkje å knekka konkurrenten Lønningdal I. Tvert imot gjekk drifta av denne så bra at det vart sett inn ein ny og større båt i Oddaruta i 1932 – det var Lønningdal II. Han var ein nyskaping på fjorden og skreddarsydd til den gjerning han var tenkt til. Han var høg men svært stødig og svært lett å styra. Han snudde i den minste vik og bukt rundt om i fjordane. Og HSD tok offisielt på seg farskaper til "lausongen".

Etter krigen heldt Lønningdal II fram på same måten som på trettitalet. I 1950 kom Samferdslenemnda med ei sterk oppmoding til HSD og Lønningdal om å komme til einigheit om en avtale og i 1951 vart den inngått. Lønningdal skulle innstilla all konkurranse med HSD, som på si side skulle ta over Lønningdal II og skaffa tilsvarande stillingar i selskapet til dei parthavarar som hadde yrket sitt om bord i båten. Og så byta den namn til Bjoa. Båten vart sett i ulike gods- og lokalruter – for det meste i Sunnhordlandsområdet. Den synte seg som ein praktisk og romsleg godsbåt i fleire HSD-ruter gjennom nye 15 år.

Av Ola Matti Mathisen



M/S Lønningdal skifta namn til Bjoa då båten vart overteken av HSD i 1952. (Foto frå biletsamlinga til HSD).